

ID 418.25
AMH/thm

Til
Vestland Fylkeskommune
Avd. for Mobilitet og kollektivtransport
Askedalen 2
6863 Leikanger

Fråsegn: Konkurransen om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg

Sunnhordlandsrådet viser til brev datert 07.10.2025, ref. 2025/53510-2, Høyring-konkurransen om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg.

Sunnhordlandsrådet, som består av kommunane Stord, Etne, Fitjar, Bømlo, Sveio, Kvinnherad, Tysnes og Austevoll, vil gje følgjande uttale til høyringsbrevet.

Osloruta er viktig for det regionale næringslivet i Sunnhordland med Aker Solutions i spissen.

Lufthamna er viktig for beredskapen i regionen og er ofte besøkt av redningshelikopter, ambulansefly, politi og forsvaret. Ved større brannar i distriktet har lufthamna sitt mannskap vorte nytta. I tillegg nyttar brannhelikopter Stord Lufthamn til fylling av drivstoff. Stord Lufthamn har eigen redningsbåt, som vert nytta av Hovudredningssentralen ved hendingar på sjø.

Stord Lufthamn har ved fleire høve vore nytta til helikoptertransport til og frå plattformene i Nordsjøen ved stengt helikopterterminal på Bergen lufthamn, Flesland. Stord lufthamn avlastar Bergen lufthamn med treningsflyging av sivile fly og helikopter. I tillegg nyttar forsvaret lufthamna til treningsflyging. Stord Lufthamn er i dag fast alternativ landingsplass for el-flyet som Bristow no testar ut på strekninga Stavanger-Bergen

Flyselskapet DAT er i dag flyoperatør på FOT-ruta Stord/Oslo. DAT flyg i dag 16 rundturar pr. veke på ruta. Flyselskapet nyttar i dag flytypen ATR/42, med 48 seter. Kabinfaktoren ligg på 73%, noko som er svært høgt samanlikna med andre FOT ruter. Lufthamnselskapet hadde i sin strategiplan eit mål om å nå 45.000 reisande i 2027. Etter dei fyrste 12 mnd med FOT-ruter, nytta 45.500 passasjerar seg av ruta. Lufthamnselskapet har som mål å nå 50.000 reisande for kalenderåret 2025. I gjeldande anbod var kravet 12 rundturar pr veke og 36.500 seter i kvar retning. Pr i dag har me berre 2 rundturar på søndagar og måndagar. Desse flya er ofte heilt fulle, og ein ser såleis behovet for ein frekvensauke desse to dagane for å møte den store etterspurnaden.

Me meina at flyruta Stord-Oslo er like viktig for regionen Sunnhordland som flyrutene på dei regionale lufthamnene i Florø, Førde, Sandane og Sogndal er for sine regionar. Når det gjeld framtidig regionale ruteflygingar bør Stord lufthamn, som er drifta av Stord kommune (79%) og Vestland Fylkeskommune (21%), likestillast med dei andre regionale lufthamnene i fylket som i dag vert eigd og drifta av Avinor AS.

Aker Solutions og næringslivet elles i Sunnhordland har for tida godt med arbeid. Flyruta Stord-Oslo er såleis svært viktig for å sikre gode vilkår for næringslivet i regionen. Stadig fleire privatpersonar vel og å nytta seg av den lokale flyruta til hovudstaden, grunna god frekvens og konkurransedyktige billettprisar. Lokale helseføretak nyttar seg av flyruta når pasientar skal til/frå Oslo.

Sunnhordland, 17. oktober 2025

André Mundal Haukaas
Regionrådsleiar

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.